




INFORMASJONSSKRIV

FRÅ LANDBRUKSKONTORET ØRSTA VOLDA

Nr. 2/2019

Årgang 31

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta
 Besøksadresse: 3. etg i den "gamle" delen av Rådhuset
 e-postadresse: postmottak@orsta.kommune.no



Info-skrivet vert sendt i e-post til alle som til ei kvar tid er registrert som søkerar av produksjonstilskot, aktive skogbrukarar, og fleire andre som er knytt til næringa. Dei vi ikkje har e-postadressa til får skrivet som B-post. Send oss e-postadressa di så får du skrivet på e-post neste gong (og vi sparar porto)! Skrivet ligg og på heimesidene til kommunane Ørsta og Volda.

Innheld:	Side
Produksjonstilskot – del 2	1
Avkortning av tilskot ved feil opplysingar i søknad om produksjonstilskot	2
Bruk gardskarta	2
Gardbrukarar som sluttar/brukarskifte	2
Regionalt miljøtilskot (RMP)	3
Skogplanting	3
Landbruk i «nye» Volda	3
Oppfølging av driveplikt	4



Produksjonstilskot del 2 Hugs søknadsfrist 15. oktober

Søknadsfrist for del 2 av søknaden er 15. oktober, med teljedato 1. oktober. Føretak som leverar søknaden innan fristen, vil kunne endre opplysninger i søknaden innanfor 14 dager utan å få trekk, dvs. fram til og med 29. oktober.

I søknad del 2 kan du søkje om tilskot for:

- Tilskot til avløysing ved ferie og fritid
- Husdyrtilskot
- Tilskot til økologisk areal og husdyr
- Tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar
- Areal- og kulturlandskapstilskot
- Tilskot til dyr på beite
- Tilskot til dyr på utmarksbeite

Dyreteljing:

Ver nøyaktig med teljinga av dyra. Ein bør ikkje berre bruke husdyrlistene.

For slakteproduksjon på fjørfe og svin er det viktig at du set kryss for at opplysingar kan hentast frå slakteria sine rapportar, elles får ein ikkje grunnlag for avløysing og tilskot på slakteproduksjonen.

Avløysartilskot:

Det skal søkjast om refusjon for utgifter i 2019. Om ein ikkje har brukt opp alt ein kan få i refusjon til 15. oktober, kan ein etter-registrere dette i søknaden innan 10. januar, det same gjeld dyr på beite som er sanka frå utmarksbeite etter 15. oktober.

Godkjent dokumentasjon for avløysing er til dømes:

- Årsoppgåve frå avløysarlaget
- A-melding frå Altinn
- Bankbilag og faktura

Døme på godkjent arbeidshjelp som kan søkjast om:

- Stell av dyr
- Saueklipping
- Klauvskjering
- Gjerdehald

- Dyrking
- Grøfting
- Snekkerarbeid
- Rundballepressing (arbeidet men ikkje maskinkostnaden)

Døme på arbeidshjelp som ikkje kan godkjennast:

- Dyrlege
- Drektighetskontroll
- Rekneskapsførar
- Utgifter til elektrikar
- Bilmekanikar

Akvorting av tilskot ved feil opplysingar i søknad om produksjonstilskot

I vinter vart Landbrukskontoret Ørsta Volda kontrollert av Fylkesmannen. Fylkesmannen utfører såkalla forvaltningskontroll av kommunane sitt arbeid med landbruksforvaltning.

Landbrukskontora forvaltar store beløp og det er viktig at tilskotsordningane fungerer som tiltenkt. Årleg handsamar Landbrukskontoret Ørsta Volda søknader som gjev over 60 mill kr inn i næringa.

I kontrollen fekk vi avvik knytt til bruken av akvorting (trekk i tilskot). Når vi finn feil i søknader har vi i for liten grad gitt trekk i tilskotet. Søknadane har sjølv sagt vore retta slik at riktig tilskot er utbetalt, men vi har ikkje i særleg grad redusert utbetalinga som ei «bot» for feil.

Fylkesmannen har no pålagt oss å i større grad nytte akvorting ved feil.

Vi gjer dykk difor merksame på det.

Ver nøyaktig i utfylling av søknadane, og ta heller kontakt om du er usikker på noko.

Bruk gardskarta!

Gjer det til ein vane å bruke gardskarta ved utfylling av søknad om produksjonstilskot, både for eigd og ikkje minst for leigd jord.

I gardskarta finn du arealtala for dyrka jord og beita som eigedomen har, og du kan sjå over inntektingane.

Fyll ikkje ukritisk inn tala i søknaden. Sjå over om du faktisk brukar alt arealet.

Når du fyller ut søknaden din, får du tilgang til å slå opp gardskarta, for kvar eigedom du driv, direkte frå sida der du legg inn eigedomane i søknaden. Bruk denne funksjonen aktivt.

Vi kjem bort i tilfelle der søker fortel at dei disponerer ein eigedom, men at areal av ulike grunnar ikkje vart brukt siste året.

Det er berre areal som er hausta eller beitt siste sesongen som skal på søknaden. Om eit beite ikkje er brukt, areal berre vart beitepussa, areal ligg brakk, mv, så skal det ikkje stå som produserande areal i søknaden, men førast på andre kodar, t.d. «ute av drift», eller ikkje førast i det heile.

Du finn meir om dette i rettleiinga, eller ta kontakt med oss, så rettleier vi deg.

Gjer vel og meld ifrå dersom du finn feil i gardskarta. Her er ei lenke til gardskart: <https://gardskart.nibio.no/search>

Gardbrukarar som sluttar/brukarskifte

Ikkje slett føretaket ditt i enhetsregisteret før alt tilskot er utbetalt! Vent med det! Når org.nr. er borte så vert det uråd å overføre tilskot, og du mister tilskotet.



Skogplanting

Skogeigar har plikt til å plante etter tømmerhogst. I år gir kommunen 50 % tilskot frå nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK-midlane) til planting etter hogst. Dei som supplerar gamle hogstfelt får 40 % tilskot frå NMSK-midlane og 50 % tilskot frå Landbruksdirektoratet, ergo heile 90 % tilskot. Det gis ikkje tilskot på momsen, men dykk som er næringsdrivande får denne igjen. Søknadsfrist 7.november.

Regionalt miljøtilskot (RMP)

Søknad om tilskot gjennom regionalt miljøprogram (RMP).

Søknadsfristen er 15. oktober – men systemet er allereie ope slik at ein kan søkje alt no.

Utfyllande informasjon om ordninga ligg på heimesida til Fylkesmannen.

Her er ei lenke:

<https://www.fylkesmannen.no/nb/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Miljotiltak-i-jordbruket/Regionale-miljotilskot/revidert-regionalt-miljoprogram-2019-2022/>

Ordninga er revidert og det er endringar!

Tre viktige endringar som ein må merke seg:

1) Tilskot til drift av bratt areal. Her var det før krav om at ein minst slo 10 daa bratt areal. Grensa er senka til 5 daa. Det gjer at fleire kan søkje!

2) Tilskot til tidleg spreiing av husdyrgjødsel. Fristen er som før 10. august, men det er endringar i kven som kan søkje. Før var det berre den som produserte gjødsel (hadde husdyr) som kunne søkje. No må ein disponere gjødsel og areal. Det kan berre gjevast tilskot for areal som føretaket sjølv disponerer. Dette betyr at t.d. deltakar i samdrift som sjølv står for fôrproduksjon, kan søke om tilskot for tidlegspreiing av husdyrgjødsel produsert av samdrifta. For å nytte eit tydeleg døme så kan ein kornprodusent kjøpe husdyrgjødsel og søke om tilskot for tidlegspreiing så sant vilkåra elles er oppfylt. Ei samdrift utan areal kan ikkje lenger søkje.

3) Nytt tilskot: Tilskot til bruk av nedleggings- eller nedfellingsutstyr ved spreiing av husdyrgjødsel. Dette tilskotet er aktuelt for dei som nyttar slikt utstyr og som ikkje søker om tilskot til tidleg spreiing.

Merk! Då systemet har gjennomgått store endringar så kan ein i år dverre ikkje hente opp eldre inntekningar i karta! Ein må teikne/markere på nytt.

Det vert difor ekstra arbeid i år med søknaden.

Ver difor ute i god tid!

Lokalt kan ein søkje støtte til:

- Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap (Norangsfjorden)
- Slått av bratt areal
- Slått av slåttemark (utvalde naturtypar)
- Skjøtsel kystlynghei
- Tilrettelegging av fuglebiotopar

- Seter med mjølkeproduksjon
- Skjøtsel av gravminne
- Vedlikehald av fangdam
- Spreiing av gjødsel før 10. aug
- Bruk av nedlegging-/nedfellingsutstyr
- Bruk av slangespreiar/gylleanlegg

Søk ved å bruke

<https://www.landbruksdirektoratet.no>

der du finn digitale tenester: *Alle direktoratets digitale tjenester* til venstre på sida.

Trykk – og gå til *Regionalt miljøtilskudd (RMP)*

Det fører deg vidare til innlogging via Altinn og deretter inn i søknadsskjemaet.

Kontakt oss i god tid før søknadsfristen om du ønskjer meir informasjon, eller om du får problem eller treng hjelp med å søkje. Ta med bankbrikke eller mobil med bank-id om du kjem hit for å få hjelp. Vi stiller datamaskin til disposisjon om nokon vil kome hit og søkje.



Landbruk i «nye» Volda

Ettersom Ørsta og Volda har samarbeid om felles landbrukskontor, vert denne teneste råka når Hornindal og Volda skal slå seg saman 1. januar 2020.

Partane er samde om at Ørsta kommune framleis skal vere vertskommune for tenesta, og prosessen utover hausten vil avgjere korleis tenesta skal organiserast vidare.

Det er vedteke at landbrukskontoret skal vere tilgjengelege på Smia i Hornindal, ein dag i veka.

Ein ny vertskommuneavtale mellom Ørsta og nye Volda skal opp til handsaming i Fellesnemnda, eller når det nye kommunestyret vert konstituert hausten 2019.

Sett frå kontoret si side så vert det ein del endringar frå nyttår, når brukar på 6190 Bjørke og 6763 Hornindal går saman med «gamle» Volda i det «nye» Volda. No har Ørsta kommunenummer (knr) 1520, Volda 1519 og Hornindal 1444. Etter nyttår får Volda knr 1577. For at ein ikkje skal få kollisjon i høve gardsnummer (gnr) så vert alle gnr på 6190 Bjørke lagt til 100. Til dømes så vert gnr 140 (Skjåstad) endra til gnr 240. For Hornindal så vert det lite endringar då dei har høge gnr frå før som passar godt inn med nummera som Volda har i dag. Unnataket er nokre gnr på Kjøs.

I høve tal for landbruksnæringa har Ørsta tradisjonelt vore større enn Volda på ei rekke felt. No vert dei to kommunane mykje meir jamnstore, både i tal produsentar, eigedomar og dyretal.

Frå nyttår av vil forvaltninga av tilskot til næringa auke frå 60 mill kr til om lag 75 mill kr.

Landbrukskontoret vil få om lag 1.700 landbrukseigedomar å forholde seg til, og om lag 330 føretak som driv næring og dermed søker produksjonstilskot.



Oppfølgjing av driveplikt

Som kanskje mange har merka, eller høyrd om, så har vi sett i gang arbeid med å følgje opp driveplikta. Vi har starta i Ørsta kommune og vil etter kvart og ta til i Volda kommune.

Så langt er det sendt ut brev til eigarar av landbrukseigedomar i Bondalen, Folkestaddalen, Åmdalen og rundt Ørsta sentrum.

Breva går ut til alle som eig landbrukseigedomar med dyrka jord, der eigaren ikkje driv sjølv eller der det ikkje er registrert at jorda er leigd ut på skriftleg 10-årig avtale.

Arbeidet er tidkrevjande, men vi trur at det er viktig for å sikre at jord vert drive på ein god måte og for at næringa skal få meir føreseielege vilkår.

Vi erfarer at alt for mange har berre munnlege avtalar, og kanskje frå år til år. Det kan sjå ut til å fungere fint, men for dei som driv landbruksnæring er det særskilt viktig at ein veit kva ressursar ein har tilgjengelege framover i tid. Særleg kjem dette fram hjå dei som investerer store beløp i nye driftsapparat. Her krev Innovasjon Norge avtalar som sikrar byggherren fôrgrunnlag for produksjonen ein byggjer for .

Men det er også viktig ved investeringar som vert gjort på jordbruksareala med t.d. drenering, fornying av enga, gjerdning, osb.

Oppfølgjinga har også som mål å få areal som er ute av drift, over i aktiv drift ved at ein får slutt på beitepussing av jord som kan produsere verdifullt fôr.

Vi ser effekt av arbeidet. Så langt har vi fått inn om lag 70 nye 10-årige avtalar på leige av jord. Vonleg vil ein og framover sjå gode resultat som er tenleg for både eigarane og for leigetakarane.

Tilsette ved kontoret :

Liv Bente Viddal	907 04 008	liv-bente.viddal@orsta.kommune.no
Dorota Wozna	907 23 453	dorota.wozna@orsta.kommune.no
Ashild Steinnes	907 04 501	ashild.steinnes@orsta.kommune.no
Børild Skåra	906 99 240	borild.skara@orsta.kommune.no
Peder Magnussen	452 82 680	peder.magnussen@orsta.kommune.no